



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Bybanekunst



Mangfald og heilskap

Bybanekunsten er som eit utan-dørs galleri - med over 30 000 publikummarar dagleg. Gjennom satsing på kvalitet, innovasjon og kunstnarar av internasjonalt format vil vi gje publikum ei opplevelse på reisa.

Kunsten gjer kvardagen og reisa til dei som tek Bybanen rikare. Bybanekunsten er allment tilgjengeleg og open for alle. Den gjev reisa ein ekstra dimensjon.

Bybanekunsten har eit stort potensiale for formidling retta mot skuleklasser, verksemder, turister og bergensarar generelt.

Med sin variasjon i tilnærmingar og uttrykk, er den mangfaldig som menneska sjølve.

Visjon for kunstprogrammet

- Kunsten skal vere av internasjonalt format
- Kunsten skal ha ein tydeleg og definert plass i byrommet
- Kunsten skal spegle mangfaldet Bybanen sine brukarar representer

Kunsten skal spegla Bybanen sin idé om satsing på bærekraftig

utvikling, men også rom for individuelle kunstnarlege ytringar og tidsrelevante uttrykk. Det kan vera prosjekt som utfordrar og gjer om på det kjende - og prosjekt som gir visuelle opplevelsingar og glede på reisa. Prosjekta har variasjon i storleik, tilnærming og uttrykksform, og har geografisk spreiing langs traseen.

Langs Bybanen finn du også kunstprosjekt som ikkje er initierte gjennom kunstkomitéen, men som likevel kan sjåast i samanheng med Bybanen sitt kunstprogram på grunn av sin aktualitet, tematikk eller geografiske nærleik.





Thorsten Goldberg



60°N 05°E (encased waterside), 2012–2017.


Med dette verket vann den tyske kunstnaren Thorsten Goldberg i 2010 ein internasjonal lukka konkurranse om kunstoppdraget ved Florida. Målet var eit kunstverk som knyt seg opp til dei overordna føringane som ligg bak bygginga av Bybanen; ønsket om ei berekraftig utvikling.

Kunstverket på 416 m² er sett saman av 800 trekanta stålplater som følgjer landskapet i vasskanten nedafor Gamle Nygårdsbro som eit mjukt teppe. Verket er laga for akkurat denne staden, og har derfor tittel etter koordinatane: 60°N 05°E.

Den skinande blanke overflata speglar omgjevnaden, himmelen, fjellet og sjøen, og kan sjåast frå lang avstand. I mørkret pulserer lys gjennom flata frå undersida.

Stad: Florida








Marius Watz


Prime, 2010

Watz har sett saman LED-stavar til enkle geometriske figurar. Verket er ein tolking av og leik med dei signal og trafikklys som finst i det offentlege rommet.

Utgangspunktet er Andreaskrossen, trafikkskiltet som signaliserer plankryss mellom veg og jernbane. Dei enkelte stavane lyser opp i vekslande intervall, styrt av eit system basert på primtal. Slik blir det eit utal variasjonar av figurane, umoglege å føresjå.

Stad: Fageråstunnelen







Maria Sundby

Adebaran, 2010

Adebaran er namnet på ei stjerne. Namnet skal tyde «følgjesven», noko som er godt å ha med seg på reisa, også med Bybanen.

Dette prosjektet er ikkje er initiert og finansiert av Bybanen sitt kunstprogram, men blir opplevd som del av det pga. sin plassering på stoppestaden. Ved dette høve har kunstprogrammet sin kunstkonsulent gjeve råd om val av kunstnar.

Stad: Fantoft








Foto: Jimmy Schminke


HC Gilje


Puls, 2010

Verket er ei 150 meter lang LED-lysline som bukter seg langs tunnelveggen på begge sider; rød på den eine sida og blå på den andre.

Buktene er laga slik at når Bybanen kørar forbi, opplevast installasjonen som ei bølgjeform.

Stad: Paradistunnelen





Rachel Dagnall & Anita Hillestad

The White Rabbit, 2010


Er du heldig får du eit glimt av den kvite kaninen idet Bybanen passerar Nesttunvatnet. Verket gjev assosiasjonar til barn si fantasiverd, til dømes Alice i Eventyrland. Sett inn i ei vaksen verd, som her, blir kaninen som ein slags trojansk hest med mange tolkingar.

The White Rabbit er avvæpnande humoristisk og utfordrande på same tid.
Skulpturen er laga av lakkert glasfiber.

Stad: Nesttunvannet








Torunn Skjelland

1: 1 000 483, 2013

Den måla frisa ved Mårdalen har tre hovudmotiv; eit kart over Bergen med Bybanen sin trasé (målestokk 1:1000483), ein raud tråd som forlenger traseen, samt nostalgitiske reiselivsplakatar frå 1940-50 talet.

Visuelle ikon og stereotype framstillingar av Bergen og Norge blir sett saman på ein måte som opnar for mange lag av tolkingar. Verket er måla med silikatmåling rett på betongen.

Stad: Mårdalen




Gisle Frøysland


Kjankaren, 2015

Å «kjanke» er eit gammalt bergensuttrykk; barn som heng seg etter bussen midtvinters og lar seg dra på glatte sko. Frøysland har laga ein elektronisk kjankar.

På begge sider av tunnelveggen er store panel med LED-lys. Når Bybanen passerer vil elektroniske sensorar starte ein flokk med lysande «kjankarar» som følgjer vognen innover i tunnelen.

Stad: Skjoldtunnelen







Annette Kierulf og Caroline Kierulf


Olje-Norge, 2015

Langs ei fjellskjering mellom Sandslivegen og Sandslimarka har Anette og Caroline Kierulf laga seks små skulpturar i brennlakkert aluminium, monterte på skiltstenger.

Skulpturane, som har fått namna Dråpen, Flammen, Molekylet, Floken, Apeskrekkene og Tangen, har på ulike vis koplingar til det svarte gullet som har brakt oss velstand og framgang, men som også har dilemma og utfordringar knytt til seg. I naboskapen til skulpturane på Sandsli har store oljerelaterte selskap hatt tilhald i ei årrekke.

Dei seks skulpturane er ei kjelde til undring og refleksjon for gåande, syklande og reisande langs og med Bybanen.

Stad: Fjellskjering mellom Sandslivegen og Sandslimarka






Per Formo


Sirkel spill, 2015

Sirkel spill er ei målerirekke som strekk seg over heile 200 meter frå starten av Dyrhovdtunnelen ved Sandslimarka og vidare mot Kokstad. Kunstverket består av ulike figurar danna av kvartsirkelbuer i åtte fargar. Inne i tunnelen er abstrakte figurar som kan minne om emblem eller skilt, måla på lys blå botn på store fibersegmentplater skrudde fast til veggjen. Dei er presenterte regelmessig, omrent som i ei utstilling.

På veggane ute er det som om figurane er sette fri; dei er måla rett på betongveggen og er leikne, lette og assosiasjonsskapande. Dette er kunst ein kan sjå igjen og igjen, og jamvel oppdaga noko nytt.

Stad: Sandslimarka







Anders Sletvold Moe

Modulære refleksjoner, 2017

Modulære refleksjoner er eit veggrelieff i aluminium og syrefast stål. Det er bygd opp av 84 modular. Flatene i modulane har varierande fargar, struktur og glans, og har formmessige koplingar til fasadeplater på Avinor sitt terminalbygg.

Samla utgjer dei ein komposisjon på 2,4 x 35 m på den 56 m lange betongveggen. Komposisjonen strekker seg ut i lengderetning for å gje ei oppleving av høg fart. Formene kan minne om eit bylandskap sett frå eit hurtigtog, der former og vinklar blir abstraherte i forbifarten.

Verkets relief og dei reflekterande flatane gjer at kunstverket aldri står fram på eitt og same vis. Det er i stadig endring anten det er den reisande sjølv som flyttar på seg eller refleksjonar blir aktiverde gjennom andre hendingar i omgjevnadane.

Stad: Stoppestaden på Bergen Lufthavn Flesland

Byparken	●
Nonneseter	○
Bystasjonen	○
Nygård	○
Florida	○
Danmarks plass	○
Kronstad	○
Brann stadion	○
Wergeland	○
Sletten	○
Slettebakken	○
Fantoft	○
Paradis	○
Hop	○
Nesttun terminal	○
Nesttun sentrum	○
Skjoldskiftet	○
Mårdalen	○
Skjold	○
Lagunen	○
Råstølen	○
Sandslivegen	○
Sandslimarka	○
Kokstad	○
Birkelandsskiftet	○
Kokstadflaten	○
Bergen lufthavn	●



Barn frå forskjellige skular og barnehagar

Barnekunst

Hausten 2013 vart skular og barnehagar i Bergensområdet inviterte til å sende inn teikningar av sin visjon om framtidens byen. Resultatet var overveldande; tusenvis av flotte teikningar vart sende inn.

Teikningane blei sett saman til takdekorasjonar på innsida av fleire bybanevogner.

Stad: I taket i 9 vognsett.



Hanna Oline, 5 år.



Kamilla, 5 år.



Petter, 5 år.



Nikolas, 6 år.



Soraia, 5 år.



Martine, 5 år.

- Byparken
- Nonneseter
- Bystasjonen
- Nygård
- Florida
- Danmarks plass
- Kronstad
- Brann stadion
- Wergeland
- Sletten
- Slettebakken
- Fantoft
- Paradis
- Hop
- Nesttun terminal
- Nesttun sentrum
- Skjoldskiftet
- Mårdalen
- Skjold
- Lagunen
- Råstølen
- Sandslivegen
- Sandslimarka
- Kokstad
- Birkelandsskiftet
- Kokstadflaten
- Bergen lufthavn



"Her er et fly som
går superraskt fort! Og den
blå bilen der kan fly. Det gule
flyet kan også kjøre på havet.
De konkurrerer om å komme
først i mål".

Ida Maria, 5 år.
Prismen Kanvas barne-
hage, Nesttun




Kunst for alle

I Norge er kunst langs ein kollektivtrasé ikkje vanleg. Her er Bergen i ei særstilling, og inspirasjon er mellom anna henta frå Frankrike. Bybanekunsten gjer kvar dagen og reisa rikare.

Bybanen sitt kunstprogram er finansiert gjennom Bergensprogrammet, eit samarbeid mellom Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Private aktørar som DNB og BKK har også gjeve stønad.

Ein kunstkomité med brei representasjon har valt ut kunsten.







HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

bybanen



BERGEN KOMMUNE



Statens vegvesen